



Florø, 6.5.2024

Vestland fylkeskomme

Avdeling for samferdsle og veg

post@vlfk.no

Alternativ finansiering av ny fv. 614 Svelgen – Indrehus

Kystvegen Måløy – Florø AS arbeider aktivt for å få bygt ein moderne, tenleg og trafikkssikker veg frå Måløy via Svelgen til Florø. Nytt vegsamband er avgjerande å få skapt eitt bu- og arbeidsområde i regionen, og det er også eit vilkår for å skape vekst og positiv utvikling på kysten av den nordlege delen av Vestland fylke.

Kravet om ny veg har svært sterk støtte hos kommunane frå Solund i sør til Hareid og Herøy i nord. Hos næringsaktørane i kjerneområdet for kystvegen blir det sterkt poengtert at vegsambandet må byggast straks for at næringslivet skal få bruke det potensialet som finst.

I Regional transportplan for 2017-2021 som Sogn og Fjordane fylkesting vedtok, var ny fv. 614 Svelgen – Indrehus det høgast prioriterte fylkesveganlegget. Vestland fylkeskommune tok denne prioriteringa med i sitt arbeid då fylkessamanslåinga blei ein realitet. Då fylkestinget behandla ny Regional transportplan i juni 2022 uttalte ein m.a.: «Kystvegen Måløy – Florø har vore høgt prioritert i fylkeskommunale planar og Fylkestinget meiner framleis at denne vegen er svært viktig for utvikling av regionen. (...)»

Kystvegen Måløy – Florø AS er kjend med vedtak som fylkestinget har gjort om manglande igangsetting av arbeidet med å få bygt ny fv. 614 Svelgen – Indrehus. Selskapet er også kjent med at fylkesordførar Askeland og fylkesdirektør Haugsdal i møte med representantar for Bremanger

kommune og næringslivet har reist spørsmålet om det er vilje frå lokalsamfunnet til å bidra til finansieringa av veg- og tunnelprosjektet. Det skjedde på eit møte i Svelgen i førre valperiode.

Styret i selskapet har over tid grundig drøfta korleis ein kan komme vidare i arbeidet med å få realisert ny fv. 614 Svelgen – Indrehus, som er den etappen som har høgast prioritet i bygginga av kystvegen. På grunnlag av drøftingar går selskapet no inn for at bygginga blir delfinansiert av andre enn fylkeskommunen. Samfinansieringa har tre nye element:

1) Bruk av bompengar

Det har fram til no vore lagt til grunn at prosjektet skal finansierast fullt og heilt av fylkeskommunen. På grunnlag av politiske vedtak som er gjorde, foreslår vi no at den nemnde strekninga delvis kan finansierast ved hjelp av bompengar.

Vi har engasjert siv.ing. Helge Hopen AS til å utarbeide ein rapport om bompengefinansieringa (jf. Bompengegrunnlag for fv. 614 Svelgen – Indrehus, datert 5.4.2024). Rapporten følger vedlagt. I rapporten blir det slått fast at prosjektet eignar seg for bompengefinansiering. Siv.ing. Helge Hopen AS går inn for ei finansiering med 350-400 mill. kr i bompengar (2024-kr), som utgjer 30-35 pst. av anleggskostnadene (eksklusiv meirverdiavgift).

Styret i Kystvegen Måløy – Florø AS har i møte 3.5.2024 slutta seg til innhaldet i den nemnde rapporten og går no inn for at ein vesentleg del av finansieringa av ny fv. 614 Svelgen – Indrehus kan skaffast ved hjelp av bompengar.

Vi har all grunn til å tru at Bremanger kommune vil godta at det blir kravd inn bompengar på strekninga Svelgen – Indrehus når ny veg skal byggast. Den konkrete oppfølginga av den sida av saka vil vi formelt komme tilbake til når vi er kjende med fylkeskommunen si haldning til bompengespørsmålet.

2) Omprioritering av 250 mill. kr

Det er opplyst at Vestland fylkeskommune har planar om å gjere div. arbeid på tunnelen gjennom Magnhildskaret til ein stipulert kostnad på 250 mill. kr. Gjennom massemedia er det informert om at arbeidet etter planen skal starte hausten 2024.

Vi meiner at det vil vere langt meir formålstenleg å bruke 250 mill. kr til bygging av ny fv. 614 Svelgen – Indrehus enn å investere det nemnde beløpet i arbeid på ein tunnel som fungerer på ein tenleg måte. Det er også eit synspunkt som store næringsaktørar, som dagleg bruker tunnelen, er einige i.

Kystvegen Måløy – Florø AS ber derfor om at fylkeskommunen omprioriterer midlane frå nytt arbeid i Magnhildskartunnelen til medfinansiering av ny fv. 614 Svelgen – Indrehus. Avgjerda må takast omgåande.

3) Økonomisk bidrag til veg- og tunnelbygging

Frå politisk og administrativt leiarnivå i Vestland fylkeskommune er det, som nemnt, reist spørsmål om økonomisk medverknad frå lokalsamfunnet til bygging av ny fv. 614 Svelgen – Indrehus.

Saka er på ny drøfta med Bremanger kommune og dei største næringsaktørane i området. Det er gledeleg å kunne opplyse om at det er vilje både frå kommunen og fleire næringsaktørar til å bidra økonomisk til bygging av ny fv. 614 Svelgen – Indrehus fordi dei meiner det er svært viktig å komme i gang med arbeidet straks.

Storleiken på bidraga vil vi, etter avtale med bidragsytarane, komme tilbake til dersom fylkeskommunen stiller seg positiv til den samfinansieringsmodellen som vi har foreslått.

Kystvegen Måløy – Florø AS viser til framstillinga ovanfor og ber Vestland fylkeskommune om at ny fv. 614 Svelgen – Indrehus blir delfinansiert med bompengar, overføring av midlar frå arbeid i Magnhildskartunnelen og økonomiske bidrag frå Bremanger kommune og ulike næringsaktørar.

Dersom det er behov for nærmare dialog om saka, stiller vi oss sjølvstilt til disposisjon.

Med helsing

Kystvegen Måløy – Florø AS

Reidar Sandal
styreleiar